

From: katrinevest@gmail.com <katrinevest@gmail.com>

Sent: torsdag 24. mars 2022 19:51:35

To: Postmottak Ulstein

Cc: vegard.alme.ulstein@outlook.com

Subject: Innspel framtidens skulestruktur

Takk for moglegheita til å komme med innspel i denne debatten.

Det er krevjande å sette seg inn i all bakgrunnsinformasjon og detaljar kring økonomi og planar for å få eit heilheitleg bilete av situasjonen i Ulstein Kommune. Innspelet er derfor basert på dei store overskriftene som vi forstår som at vi må velje mellom å oppretthalde dagens skulestruktur og sikre framtidig tilfredsstillande eldreomsorg. Dette er ei svært forenkla framstilling, og manglar element som inkluderer andre kjelder for auka inntektsgrunnlag og eventuelt kutt i andre sektorar. Basert på kronikkar i Vikebladet siste vekene forstår vi også at det blir stilt spørsmål ved prognosane om framtidige tal på elevar i skulen i kommunen.

Vi er svært nøgd med å bu i ei kommune som prioriterer skule og oppvekst for born og unge. Tilbodet til barnefamiljar og oppvekstmiljøet var eit viktig bidrag i vektskåla då vi tok eit val om å etablere oss i Ulstein kommune.

Prognosane om demografiutvikling i kommunen viser tydeleg at prosentandel eldre vil auke kraftig i åra framover. Det vi les ut av presentasjonen som blei lagt fram er at vi må ta viktige val for korleis midlane skal fordelast – å sei 'ja takk begge deler' er ikkje eit alternativ. Å sikre ein god og verdig alderdom for kommunen sine innbyggjarar kan ikkje kommunen kompromisse på, her må det utarbeidast gode planar og budsjett, og ikkje minst allokereast nødvendige midlar.

Tala lagt fram i presentasjonen viser at Ulstein har høge utgifter knytt til skule samanlikna med mange andre kommunar. Innsparing i drift av skulane forstår vi at enten kan gjerast ved å kutte lærarstillingar ned til eit minimum, redusere spesialundervisning og/eller slå saman skular, og kutting av lærarstillingar vil ramme dei små skulane hardast gitt at det er der lærartettheita er størst.

Kutta lærarstillingar og/eller redusert spesialundervisning vil råke hardast dei elevane som treng det mest. Skulen er ein livbøye og bauta i mange unge sitt liv. Tilrettelagt undervisning, vaksne som ser dei unge, lærarar som følgjer opp elevane og set grenser og har forventningar – det kan gjere ein forskjell i mange liv. Desse unge liva er morgondagens samfunnsbyggjarar, som skal ut i arbeidslivet og bidra til å oppretthalde velferdssystemet. Sviktar vi på dette, så blir også framtidig inntektsgrunnlag svekka (og kostnader aukar).

Vi har gode skular i kommunen. Vi, som av ulike årsaker enda opp i sentrum av Ulsteinvik, er godt nøgd med Ulsteinvik barneskule – til trass for at klassane er større og at der er færre lærarar pr elev. Men, det kjennes urettferdig at Ulsteinvik barneskule skal kutte lærarstillingar og spesialundervisning for å oppretthalde drift på skular i krinsane der kostnadane pr elev er høgare. Kvaliteten i skulen, samla sett for alle unge i kommunen og innafor dei økonomiske rammene vi har, må prioriterast!

Venleg helsing,

Katrine Vestbøstad og Vegard Alme Ulstein